

p 612

Skule	Klasse	Elevnummer	Kjønn	Det fyrste språket du lærte	
skule	7	12	jente gut	Norsk	Anna
			☒ ☐	☒	☐

Den sjuke dronninga

Det var ein gong tre jenter som heitte Lea, Mathilde og Lisa. Dei var på vei heim frå skulen, når dei går heim frå skulen må dei gå gjennom ein liten skog. På vegen heim den dagen møtte dei ei jente som såg på nokon blomar. "Hei, veit de kva type blom dette er?" Sa jenta. Mathilde svara at det var en kvitveis. "Så bra, det er akkurat den blomen eg treng!" "Kvifor treng du kvitveis?" Spurde Lea. "Ei eg kjenner er veldig sjuk og eg må finne kvitveis, for eg treng det til ein medisin." Svara jenta. Jentene sto og snakka litt, så avtala dei og møtes klokka fem same dag. Då klokka blei fem møttes jentene kvarandre igjen. "Eg kjem eigentleg ikkje frå dette landet. Eg kjem frå eit land langt, langt borte. Dronninga vår eg kjempe sjuk og eg har fått i oppdrag å finne ein ingrediensar til ein medisin. Forresten så heiter eg Hedvig." Sa jenta, som de no visste at heit Hedvig. "Så trist, me kan hjelpe deg!" svara Lea. Dei plukka masse kvitveis for det trengte dei til medisinen. Dei møttes igjen neste dag til same tid. "Hallo, kor har du forresten sove i natt, Hedvig?" Spurde Lisa. "Eg fann ein hole som eg sov inni, det var litt kaldt, men det gjekk fint" "Stakkars deg! I natt kan du sikkert sove hos meg, eg må berre spørje mamma om det er greitt." Sa Lea.

Jenta spurde...

Sjå
kommen-
tar på
ark.

Den natta sov Hedvig hos Lea. Neste morgon fortalde ho Lea at ho er ein alv. Lea blei heilt forskrekka. Ho skynda seg å få dei to andre jentene til å komme bort. Hedvig fortalde det same til dei. "Vil de være med til landet mitt i dag? Me har resten av tinga som trengst i mitt land, trur eg." Sa Hedvig til dei. "Eg trur ikkje eg tørr dette her!" sa Mathilde "Ikkje eg heller!" Sa Lisa. Dei gjekk heim. Lea var veldig forskrekka og syntes ikkje dei var så snille mot den stakkars alve-jenta. Lea sa at ho kunne være med og det blei Hedvig kjempe glad for. Hedvig og Lea gjekk inn i den litle skogen som dei hadde møttes. Dei gjekk inn i ei hole. "Dette her er portalen til mitt land." "Portal?!" Spurde Lea forskrekka. Hedvig nikka og sa: "Korleis trudde du elles me skulle komme oss til mitt land då?" "Veit ikkje eg, har ikkje tenkt på det eigentleg." Svara Lea. "Følg etter meg" Sa Hedvig og gjekk innover i hola. Då dei hadde komen litt langt inn i hola var det berre ein vegg. Hedvig gjekk berre på veggen så var ho vekke. Lea gjekk usikker bort til veggen. Så plutselig var ho ein heilt anna plass. Det var masse hus og mange folk som flydde rundt omkring. Hedvig fulgte Lea opp til eit stort slott. På vegen opp til slottet spurte Lea: "Kvifor er alle blomane vissne her?" "Det er fordi at dronninga er så sjuk. Visst dronninga dør, dør alle plantar og blomar og. Fordi ho er så sjuk er blomane og plantane vissne." "Då burde me skynte oss opp til slottet og sjå på oppskrifta og finne resten av ingrediensane." Sa Lea. Då dei kom opp til slottet såg dei på oppskrifta og fann ut at dei trengte vannliljar og. "Det er ingen vannliljar i nærheten av der me bur. Korleis skal me få tak i det?" Spurde Lea. "Då har me ikkje noko anna val en å dra til verda vedsiden av denne. Der bur dei onde alvane, så det kan bli farlig." Sa Hedvig. Dei drog til portalen til


til

der

Skule g skule	Klasse 7	Elevnummer 12	Kjønn jente gut	Det fyrste språket du lærte Norsk Anna
			☒ ☐	☒ ☐

den andre verda, dei måtte jo gjere alt dei kunne for å redde dronning Sunniva. Då dei kom til den andre verda sa Hedvig: "Me må finne den store dammen med vannliljar i utan og bli sett." "Ok, kva veg skal me gå?" "Me kan gå den vegen." Sa Hedvig og peikte til venstre. Dei gjekk kjempe langt og dei hadde ikkje funnet dammen. Hedvig sa at dei kunne gå litt til og sjå om dei fann dammen. Då dei hadde gått litt til såg dei dammen. "Endeleg har me funne dammen!" Sa Lea glad. "Ja, men no er berre problemet å få vannliljar. Folk i denne verda hater folk frå vår verd. Så det kan bli eit problem." Sa Hedvig. "Korleis skal vi klare det då?" Spurte Lea. "Vi kan enten sloss mot dei, lure oss bort og prøve og ta vannliljar utan og bli sett." Sa Hedvig. "Me har ikkje ein sjangse mot alle dei alvane der, så me må prøve og lure oss bort utan og bli sett." "Heilt enig, eg håpte du skulle sei det." Sa Hedvig. Dei lurte seg bort til dammen og tok forsiktig nokon vannliljar. Plutseleg hørte dei ei sint stemme som sa: "Kva holder de på med, det er ikkje lov å ta vannliljar utan å spørje meg!" "Mamma er veldig sjuk og eg treng det til ein medisin." Sa Hedvig. "Ja, men du må spørje før du tar noko!" Svara mannen sint tilbake. "Kan eg få ta disse vannliljane då, me treng dei virkelig?" Spurde Hedvig forsiktig. "Ok, du skal få dei, visst eg får være med de til moren din, kanskje eg kan hjelpe." Sa mannen. Hedvig svara at det kunne han godt, men at det er fare for at han blir smitta. "Det går heilt fint!" sa mannen. Lea lurte på kva Hedvig tenkte på. Dei gjekk heilt tilbake til dei var nesten ved portalen. "Me må vell prøve og lure oss inn portalen." Kviskra Lea til Hedvig. "Ja, dei onde alvane kan ikkje komme gjennom portalen." Kviskra Hedvig tilbake. "No!" Skreik Hedvig til Lea og dei sprang fort igjennom portalen.

Då dei var tilbake i landet til Hedvig var de letta. Dei skynta seg opp til slottet og miksa saman medisinen og gjekk opp på rommet til dronning Sunniva. Rett før dei skulle gå in på rommet fortalde Hedvig at dronninga var mora hennes. Dei gjekk inn på rommet og ga medisinen til dronning Sunniva. "Ho blir frisk igjen visst ho får tre dropar av medisinen tre gongar om dagen i tre dagar." Sa Hedvig til Lea. Då ho hadde vått tre slurkar av medisinen mumla dronninga: "Takk" så glei augene hennes igjen og ho sovna. Lea kom på at ho hadde gløymt og sei til mora kvar ho skulle. Så ho måtte gå, men dei blei enige om at Hedvig skulle hendte Lea om tre dagar. Då Lea kom heim var det kveld. "Eg har vært så redd for deg! Du må alltid sei til meg kvar du går, Lea!" Sa mora letta til Lea. Lea svara: "Unnskyld mamma, eg skal huske og sei ifrå kvar eg går neste gong." Svara Lea. Så kom dagen då Hedvig skule



hendte Lea. Lea huska og seie kvar ho gjekk denne gongen. Ho sa at ho skulle på besøk til Hedvig og at Hedvig bur ikkje så langt ifrå der Lea bur. Så gjekk dei til skogen, gjennom portalen så var dei i landet til Hedvig. Dei gjekk til slottet. Dronning Sunniva var heilt frisk igjen. Som takk fekk Lea eit kjempe fint

Skule	Klasse	Elevnummer	Kjønn	Det fyrste språket du lærte
skule	7	12	jente gut	Norsk Anna
			☒ ☐	☒ ☐

smykke med ein diamant på. Dei måtte sei hade til kvarandre. Hedvig lova at ho av og til skulle komme på besøk til Lea og Lea lova det same. Snipp, snapp, snute så var eventyret ute....

